



Jan Erik Utvik  
Nordeidbrekka 51  
5252 SØREIDGREND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5579 - 23/21960

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
20.03.2023

Igangsettingsløyve for etablering av gangveg, planering for naust, etablering av kai - gbnr 443/101 Toska

**Administrativt vedtak:** Saknr: 310/23  
**Tiltakshavar:** Jan Erik Utvik  
**Ansvarleg søkjar:** R Valle Maskin As  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

#### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket for etablering av gangveg, planering for framtidig naust, samt etablering av kai og kaifront på følgjande vilkår:**

- 1. Rammeløyve av 11.10.2022 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Vedtak frå Bergen Havn av 22.02.2023 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 3. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.**
- 4. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.**

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av etablering av gangveg frå naust U/N/B02 fram til U/NB03, planering av område for framtidig naust i område U/N/B03, samt etablering av kai og kaifront f\_BBS01.

Kommunen har i vedtak av 11.10.2022 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.03.2023 og supplert 16.03.2023

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg søker ved brev av 08.03.2023, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Det må sendast inn oppdatert gjennomføringsplan, og evt. nye samsvarserklæringer om det er nye eller endring av tidligere ansvarsrettar, jf. SAK 10 § 5-3 fjerde ledd.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søker 16.03.2023.

Ansvarleg søker og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentaking.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.03.2023 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

## **VURDERING**

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

### **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/5579

**Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jan Erik Utvik	Nordeidbrekka	5252	SØREIDGREND
	51		
R Valle Maskin As	Seimsstranda	5912	SEIM
	343		